

Jerv kan ha teke lam ved Haugland

05.05.2012



Leiv Trygve Varanes og Arne Haugland studerar lammet

**Har jerv teke eit 3 veker gammalt lam av spælsau berre 300 meter
frå vegkryssset ved Haugland?**

Viltforvaltar Leiv Trygve Varanes

utelukkar det ikkje, men vil heller ikkje utelukka andre rovdyr
eller fuglar etter å ha sett på restene av lammet i føremiddag.
Det kan til dømes også vera kongeørn som har vore på ferde.
Fleire ørnar har vore observert i strøket for ikkje lengje sidan.



Arne presenterar eit av dei 70 lamma

I midlertid er det heller ikkje lengje sidan det truleg vart sett spor etter jerv på Hauglandsfjellet og det vert antatt at det truleg er eit streifdyr i området.

Veterinær Bjarne Lilleaas som også har sett det skamferte lammet meiner det er jerven som har vore på staden.
Det høyrer med til biletet at eit anna lam som tilhørde same eigar forsvann sporlaust for ei vike sidan i det same området.

Det var fredag ettermiddag det vart klårt kva som hadde skjedd. Arne Johs. Haugland har fått 75 lam av spælsau denne våren, og dei går innafør gjerdet

på Haugland. Omrent klokka halv fem såg Arne og kona Edith ein flokk ravnar i flukt opp og ned oppe i jordet og Edith oppdaga snart kva som hadde skjedd. då ho kom til staden.

Viltforvaltar Varanes turde ikkje trekkja nokon umiddelbar konklusjon etter å ha sett på lammet. Han fann til dømes ikkje at skadene var dei som plar vera klassiske etter jervangrep.

Varanes rapporterar det som er registrert til distriktskontakten som tek stilling til kva som skal skje vidare.

I mellomtida lever familien Haugland i spenning og i frykt for at dei skal mista fleire lam. Kven er syndaren?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen.